



Notat

Dato: 17.02.2016
Arkivsak: 2016/1270-4
Saksbehandlar: berroks

Til: Linda Farestveit, Svein Leidulf Heggheim

Frå: Berit Roksvåg

Søknad om utanlandsreiser

Eg vil med dette søkje om å få reise på følgjande to utanlandsreiser i februar og mars 2016;

Edinburgh i perioden 25. – 26. februar – reisa og møta i Edinburgh vil vere ei oppfølging av møta vi hadde med det norske konsulatet og rektor ved St. David's High School i november. Målet er å utvikle eit samarbeid for å kunne få på plass ein Hordalandsskasse i Skottland. Eg reiser med Bjørn Lyngedal og Maria Sanchez Olsen frå Amalie Skram vgs.

Utgifter til reise og opphold for meg blir dekt av internasjonaliseringsbudsjettet. Utgifter til reise og hotellopphold for dei to andre blir dekt av same budsjett.

Brussel i perioden 9. – 11. mars – eg skal delta på ein konferanse i regi av KS om globale utdanningstrendar, og eg skal besøke Vest-Norges Brusselkontor og ha møte med dei som arbeider der. Møtet på Vest-Norges Brusselkontor er særleg relevant for arbeidet med Erasmus+ og nettverksbygging/partnarsøk som vi kan hjelpe skulane med i etterkant. Innhaldet på konferansen er det mest relevante eg har sett så langt når det gjeld min oppgåveportefølje, og det er også interessant med omsyn til at vi skal vere medarrangør av Internasjonal konferanse for grunnopplæringa saman med SIU i november 2016.

Utgifter til reise og opphold blir dekt av internasjonaliseringsbudsjettet.

Kopi til:
Mona Søgnebotnen